

MEMOAR

Medlemsbrev #3-2017

Framgang i Krigsminneprosjektet:

Medieutvikling

Jostein Saakvitne har fått 15.000,- kr. frå Sparebankstiftelsen Vest til munnleg krigshistorie.



Digitalisering og publisering er i full gang.

21. sept. kl. 12 blir fleire gamle intervju med frontkjemparar lansert på Litterær Lunsj på Bergen Bibliotek.

23. okt. blir ein serie gamle intervju med motstandsfolk i Nordhordland lansert på eit samarrangement med **Radøy Bibliotek**.

Neste forum for krigsminneprosjektet vert Voss, der det også finst munnleg historie som vart teke opp i 1990-åra av Saakvitne og Jan Eidi.



Kurs-krafttaket i gang

Sjølv om det meste av Memoar sin kurskampanje i haust og vinter kjem til å foregå i Hordaland, så var starten i Kristiansand. 10 deltakarar hadde tre intense dagar saman 28-29-30. august. Den beste kurskritikken gjekk slik: "Det er få kurs eg har ledd så mykje på - og samtidig lært ein heil haug!" - Sjå full opsummering i bloggen Framdrift.Memoar.no

Neste kurs startar i Bergen 12. september. Deretter står Sund og Os på planane. (Foto: Helge Dyrholm)

Vervekampanje:

Styremøtet 21. juni vedtok ei vervekampanje hausten 2017. I løpet av sommaren har me laga ei vervebrosjyre. Den er sendt ut til alle som har blitt intervjuet i sjøfarts- og industriprosjektet og Bergensprosjektet. Så langt har medlemstalet gått opp frå 18 til 31. men me har større ambisjonar! Ta kontakt med Bjørn for å få vervebrosjyra.

Internasjonalt:

Memoar er tatt opp som norsk medlem av **International Oral History Association** (IOHA.org). Forbundet skal ha konferanse i Finland i 2018, og me har meldt inn eit foredrag der om vår metode for å dokumentera og lagra munnleg historie i videoformat. Styre skal vurderer om me skal organisera ei gruppereise til konferansen.

Nasjonalt:

Memoar er i samtalar med **Norsk etnologisk gransking**, **Folkemminnesamlinga** og **Landslaget for lokalhistorie** om ein felles "turne" rundt i landet for å fremja munnleg historie. Formålet vil vera å fremja Minneinnsamling.no, Minner.no og Memoar.no

Lokalt:

Bibliotekstudio nr 2 i Hordaland opnar om kort tid i Sund. Opptaksutstyr er kjøpt inn, avtale med Memoar om å dela arkiverings- og redigeringsressursar er på plass og det står berre att litt programmeringsarbeid som ITavdelinga i kommunen skal gjera,

Nettsida Sund.Memoar.no er i drift, og dei fyrste forteljarane der er svært interessante og dessutan underhaldande i si frodige forteljarglede. Me tilrår både **Johannes Høyland** og **Anna Jorunn Bjørøy** sine soger!

Forteljingar om migrasjon

Kim Nga Dao Bratland (høgre) og Gunda Karklina (v) er dei to fyrste som har delt sine migrasjonsminner gjennom Memoar. Kim vaks opp i Vietnam under krigane der, forsøkte å flykte



men måtte gi opp.

Seinare møtte ho sin norske mann og kom til Bergen på familiegjenforeining. Gunda



vaks opp i Latvia.

Mor hennar var innvandrar frå Polen. Gunda var tenåring under uavhengighetskampen i Latvia, og har kome til Noreg som arbeidsinnvandrar. Meininga er at Memoar i samarbeid med Fylkesbiblioteket i Hordaland og Innvandrarrådet skal samla ein serie av migrasjonsminner gjennom prosjektet "Rom for møter". 26. september kl. 18 vert det eit ope møte med slike forteljingar i Auditoriet i Bergen Bibliotek.

Driftsstøtte frå Bergen Kommune

Den 5. september fekk me ei uventa gladmelding frå Kulturetaten i Bergen Kommune: Me får likevel positivt svar på søknaden om driftsstøtte som me leverte i mars. Sjukdom har gjort at behandlingstida har blitt lang - men konklusjonen er at Memoar får 50.000,- kroner til drift. Det betyr at heile utstyrspakka som er i bruk i oppbyggingsarbeidet i Bergen og Hordaland er finansiert. Det gjeld videoarkiv i "nettskya", abonnement på uavgrensa publiseringstenester, redigeringsprogram og webhotell.

Åshild Lerøy er den førebels siste "Bergens-forteljaren"

som har kunna dela sine historier gjennom Memoar, takka vere denne økonomiske støtta frå kommunen - kombinert med det frivillige arbeidet til Memoar



Sjå Begen.Memoar.no